59 avslutta koranaåret 2020 med eit negativt netto driftsresultat, i følge SSB. I fjor var det 179 kommunar, så ein klår forbetring. Samstundes ligg 200 av kommunane øve det tilrådde nivåret på 1,75 % for solid drift.

Driftsresultata blant kommunane på Haugalandet ligg frå 0,9 (Bokn) til 9,1 % (Utsira) med dei fleste mellom 4-6 %.

Investeringsrekneskapen

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2020 er på 40,3 mill. kr. Regulert budsjett var på 65,9 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving og etterslep av investeringar.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i

årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen. Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er nokolunde dei same som tidligare år.

Årsmelding/årsrapport

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Den skal gjere greie for følgjande:

- a) *forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,*
- b) *vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,*
- c) *virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,*
- d) *tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard,*
- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling,*
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.*

Årsrapporten gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har kommunedirektøren kome med følgjande kommentar om økonomien:

Resultatet for Suldal kommune i 2020 viser eit netto driftsresultat på 5,68 %. Dette tilsvara eit rekneskapsmessig mindreforbruk på NOK 32,9 mill. Suldal kommune godt samsvar mellom budsjett og rekneskap i drift. Det vert jobba godt og systematisk med oppfølging av einingane på økonomiområdet. Dei fleste einingane søker om å overføre ubrukne midlar frå 2020 til fond, noko som tyder på god økonomistyring i einingane. Ambisjonane i økonomiplanen er og har vore høge. Årsmeldinga viser eit stort etterslep på gjennomføring av investeringar særleg på kommunale bustadfelt og utbygging av kommunale VA anlegg. Det var budsjettert NOK 26 mill. i sal av konsesjonskraft. Rekneskapen syner eit resultat på NOK 4,6 mill. Det vart nytta NOK 10 mill. frå fond i tillegg til omfordeling for å ta ned reduksjon i inntekter.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finner grunnlag for å kommentere desse. Kommunedirektøren skal då ha høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding, dagsett 15. april 2021. Revisor har avlagt så kalla rein melding eller standardberetning, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Suldal Kommune per 31. desember 2020, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Revisor har, i tillegg til meldinga, også kome med ei revisjonsrapport. Ved interimrevisjonen har dei kartlagt og testa nokre interne kontrollar, vidare utført kontrollar av vesentlege inntekt- og kostnadspostar. Revisjon av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12. Revisor har heller ikkje i år kome med noko som kommunen bør sjå nærare på.

I revisjonsrapporten konkluderer revisor med at:

Vi oppsummerer våre konklusjonar med omsyn til avdekka feil, usemje om estimat og risiko, til å ligge innafor et akseptabelt nivå. Vi har avlagt ein normal revisjonsberetning.

Kontrollutvalet har i høve med forskrift om kontrollutval og revisjon § 4 ansvaret for å sjå til at de merknader revisor har gjort, blir følgt opp. Dette gjeld likevel ikkje merknader om løypande forbetring og effektivisering av normal drift. For 2020 er det ingen forhold kontrollutvalet har plikt til å følgje opp.

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av kommunelova § 24-7. Kontrollutvalet skal vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i revisjonsrapporten eller noko anna revisjonen tar opp i møtet.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte ikkje at det er naudsynt å be om nokon tilbakemelding.

Kontrollutvalet sin uttale

KMD (kommunal og moderniseringsdepartementet) har på nyåret 2021 laga eit høyringsutkast og ein rettleier i forhold til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding. Det som er vesentleg endra frå regnskapsåret 2020, er at uttalen frå kontrollutvalet også gjeld årsmeldinga.

Med bakgrunn i dette held sekretariatet seg til dei dokumenta (årsmelding/årsrapport) som kommunen har oversendt, og dessutan revisjonsrapport og revisjonsberetning frå revisor.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmelding som vedlegg 1.

Kontrollutvalet må elles vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil spesielt kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 22.04.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Suldal

Kontrollutvalet sin uttale om Suldal kommune sin årsrekneskap for 2020

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 29.04.21, sak 10/21 handsama årsrekneskap og årsmelding for 2020 for Suldal kommune, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.21.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmelding dagsett 15.04.21, revisjonsrapport dagsett 20.04.21 og kommunedirektøren sin årsmelding 2020. I tillegg har revisor og kommunekasserar supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Suldal kommune har i 2020 eit positivt netto driftsresultat med 32,9 mill. kr, som utgjer 5,7 % av driftsinntektene. Det er eit litt dårlegare resultat enn i 2019, som var på 10,1 %. Resultatet i 2020 er framleis godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.20.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Suldal kommune for 2020.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

Sand, 29.04.21

Tormod Skeie
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet i Suldal

Til kommunestyret i Suldal Kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Rådmann

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Suldal Kommunes årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 32 894 283 kr og et regnskapsmessig mer/mindreforbruk på kr 0.

Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2020, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsoppgjørdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Suldal Kommune per 31. desember 2020, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Rådmannen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmeldingen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen. Vi henviser for øvrig til avsnittet «Konklusjon om

årsberetningen» og «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Kommunedirektørens ansvar for regnskapet

Kommunedirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Kommunedirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som anses nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av kommunedirektøren er rimelige.

- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og kommunedirektøren blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever og at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Suldal kommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Det henvises til <https://www.nkrf.no/revisionsberetninger> som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

Stavanger, 15.04.2021
Rogaland Revisjon IKS

Elektronisk signert
Tore Kristensen
Statsautorisert revisor

Suldal kommune

Årsoppgjersnotat 2020

20. april 2021

Til:

Kommunestyret i Suldal

Kopi:

Administrasjonssjef i Suldal kommune

Kontrollutvalet

1 INNLEIING

Kommunelovas reglar om tilsyn, kontroll og revisjon går fram av lovens sjuande del. Revisors oppgåver følgjer av kapittel 23 og 24 og kan oppsummerast slik:

- Gjennomføre rekneskapsrevisjon
 - ✓ Vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
 - ✓ Sjå etter at årsrekneskapen stemmer med budsjett eller andre gyldige vedtak
 - ✓ Vurdere om opplysningane i årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapen
 - ✓ Vurdere om kommunen har oppfylt sine plikter med omsyn til tilfredsstillande registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
 - ✓ Sjå etter at kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein tryggande måte
 - ✓ Bidra til å førebygge og avdekke mishald og feil. Eventuelle konstaterte mishald skal straks meldast til kontrollutvalet
- Utføre forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar etter bestilling frå kontrollutvalet.

Resultata av rekneskapsrevisjonen er rapportert i vår revisjonsberetning datert 15.04.2021.

Dette årsoppgjersnotatet gir ei oppsummering av årets revisjon og knyt ein del kommentarar til den framlagte årsrekneskapen og årsmeldinga.

2 KOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAPEN

Årsrekneskapen for 2020 er gjort opp med eit netto driftsresultat på 32,9 mill. kr. Netto driftsresultat utgjer 5,7 % av driftsinntektene. Budsjettert netto driftsresultat var på 27,8 mill. kr. Resultatet er dermed 5 mill. kr betre enn budsjettert, men også ca. 21 mill. kr dårlegare enn 2019.

Dersom ein samanliknar med fjoråret har inntektene totalt sett hatt ein svært liten auke på ca. 2 mill. kr. Dette til tross for høgare inntekter frå eigedomsskatten med heile 23,3 mill. kr, økt tilskot frå havbruksfondet på 6,7 mill. kr og tilskot pga. Korona utbrotet på ca. 3,6 mill. kr. Der kommunen har hatt ein dramatisk reduksjon i inntektene er frå sal av konsesjonskraft som er redusert med ca. 32,7 mill. kr. Mens inntektene berre har auka med 2 mill. kr har driftsutgiftene auka med heile 19 mill. kr som utgjer ei auke på ca. 3,4 %.

Sett mot budsjett så er kommunens inntekter frå skatt og rammetilskot ca. 4,7 mill. kr mindre enn budsjett.

Den frie eigenkapitalen i form av disposisjonsfond er på 194,6 mill. kr. Dette utgjer ca. 33,4 % av kommunens driftsinntekter og reknast som svært høgt samanlikna med andre kommunar.

Netto lånegjeld¹ utgjer 34 % av brutto driftsinntekter og reknast som lågt samanlikna med andre kommunar.

Sjå elles til fylldig og god omtale i årsmeldinga av tenestetilbodet og den økonomiske situasjonen.

3 RESULTAT AV REVISJONEN DETTE ÅRET

3.1 INTERN KONTROLL

Med intern kontroll meinast i denne samanhengen alle aktivitetar som er satt i verk for å sikre at dei fastsette måla blir nådd. Ein sentral føresetnad for at den interne kontrollen skal vere tilfredsstillande, er at den er godt forankra på leiarnivå.

Vi gjennomgår dei sentrale rekneskapsrutinane årleg, der dei interne kontrollane blir testa og det blir utført detaljkontrollar av enkelttransaksjonar. Nedanfor følgjer en oppsummering av våre funn:

Lønsrutinen:

Det er ikkje avdekkja vesentlege feil i våre stikkprøvekontrollar av løn gjennom året. Det er enkelte mindre avvik i forhold til etablerte rutinar.

- Rutinar for tilsettingar er i hovudsak fungerande, men det er fleire avvik for innhenting og dokumentering av politiattestar og erklæring om teieplikt.
- Enkelte reiserekningar er ikkje godt nok spesifisert med reiserute.

Kommunen arbeider med å få på plass ei oversikt over unytta meirtimer og feriedagar. Dei vil få dette inn i rekneskapen i løpet av 2021. Oversikta som er utarbeidd no kan då førast mot eigenkapitalen i 2021 og endringar i løpet av 2021 over drift.

Innkjøpsrutinen:

Innkjøpsrutinen er kontrollert i samband med stadfesting av dei terminvise moms kompensasjonskrava. Det er avdekkja relativt få feil, og dei feila som er oppdaga, er korrigert. Rutinane fungerer tilfredsstillande. Vidare har gjennomgang av bevertning, representasjon og gåver samt reiseutgifter utanom lønssystem vist at dokumentasjon av mottakar, høve og formål samt kven reisa gjeld i nokre tilfelle er mangelfulle og bør forberast. Avdekkja avvik var 45 % av utplukk i 2019 og er 50 % av dei kontrollerte i 2020.

Kommunen har i 2020 ikkje blitt klaga inn til KOFA (Klageorganet for offentlege anskaffingar).

Brukarbetalingar og husleige:

Vår gjennomgang av foreldrebetaling for barnehage, SFO og kulturskole, brukarbetaling frå pleie og omsorg, inkludert etteroppgjjer, inntekter frå sakshandsaming teknisk etat, kommunale avgifter frå vatn og avløp, samt husleige avdekkja ingen vesentlege feil eller avvik og rutinane fungerer tilfredsstillande.

¹ Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforplikting, der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekt frå.

Det har i 2020 framleis vore enkelte manglar med rutinane for sal frå Kulturhuset. Kommunen har i løpet av året forbetra rutinane som no skal fungera tilfredsstillande.

Inntekter frå legekantoret og fysioterapi er funne i orden.

Overføringsområdet:

Utgifter til barnevern og sosialhjelp er kontrollert utan at vi har avdekka vesentlege feil eller manglar. Tilskot til lag og foreiningar, kyrkje og andre trussamfunn er gjennomgått utan at det er avdekka feil eller avvik.

Likvidområdet

Vi har gjennomgått kassaoppgjer, bankkonti, renteinntekter og rutinar for remitering. Internkontrollen fungerer tilfredsstillande sjølv om det ikkje er full arbeidsdeling mellom bankavstemming, bankfullmakt og bokføring.

Finansområdet

Kommunens plasseringar i finansielle omløpsmidlar er i tråd med kommunens finansreglement. Kursreguleringsfondet er på 12,4 mill. kr og stresstest syner mogleg tap på 8 mill. kr.

Fordeling av fast og flytande rente er i tråd med kommunens finansreglement.

3.2 DRIFT OG INVESTERING

Oppstilling av rekneskapen i år er i tråd med ny kommunelov og det er ei rekke tabellar og oversikter som er endra og som er nye. I tråd med nye reglar i budsjett og rekneskapsforskrifta er rekneskapen gjort opp i balanse ved å stryke- overføring frå drift til investering med ca. 7,6 mill. kr og bruk av disposisjonsfond med ca. 13,2 mill. kr.

Vår gjennomgang av fond viser at bruk og avsetning til frie fond er i høve til budsjett. Bruk og avsetning til bundne fond er i høve til sitt rette føremål og budsjett og vedtak samsvarar med transaksjonane.

Kommunen har ikkje full sjølvkost for vann, avløp, feiing og sakshandsaming teknisk.

Underskotet på disse tenestande er på 8,2 mill. kr som då blir dekkja opp av kommunen sine frie midlar.

Investeringsutgiftene var i 2020 på 40,3 mill. kr mot eit budsjett på kr 65,9 mill. kr.

Mindreutgiftene skuldast i hovudsak etterslep på prosjekt. Investeringane er blant anna finansiert med overføring frå drift, momskompensasjon og tilskot frå andre. Det er i 2020 ikkje brukt lån til finansiering.

Det er ført enkelte kostnadar på prosjekt utan budsjett. Investeringsbudsjettet er eit *årsbudsjett*, som betyr at finansieringa av investeringsprosjekt som går over fleire år, må ha nytt vedtak kvart år.

Vår gjennomgang av investeringsrekneskapet har ikkje avdekka føringar som synest som drift og burde vært ført i driftsrekneskapen. Det er særleg grensdraginga mellom kva som er vedlikehald (som skal først i driftsregnskapet), og kva som er oppgradering (som skal i investeringsregnskapet), som kan vere vanskeleg. Det kritiske punktet i denne samanheng er at

det berre er investeringsutgifter som kan finansierast med lån. Alle andre utgifter må dekkes av driftsinntektene.

3.3 BALANSEN

Alle vesentlege balansepostar er verifisert per 31.12.2020. Vi har i stor grad basert oss på dokumentasjon utarbeidd av rekneskapsavdelinga. Det vises i den samanheng til bokføringslova § 11 som krev at alle balansepostar skal være dokumentert, med mindre dei er ubetydelege.

Kundefordringar er på 16,1 mill. kr per 31.12.2020. Aldersfordelte saldolister syner ingen vesentlege eldre beløp. Avsetning til pårekneleg tap er auka med 2,8 mill. kr i 2020 til 10,9 mill.kr, der ein vesentleg del gjeld usemje om eigedomsskatt til Statnett. Vi vurderer tapsavsetninga som tilstrekkeleg.

3.4 FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLLAR

Kontrollutvalet føretekk bestilling av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i samsvar med plan for forvaltningsrevisjon.

I 2020 har revisjonen levert ei vurdering av risiko og vesentlegheit, samt plan for forvaltningsrevisjon. Eit prosjekt om psykisk helsehjelp var tilnærma ferdigstilt og blei levert på det første møtet i 2021.

4 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL

I høve med kommunelova § 24-9 skal revisor sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning skjer i samsvar med reglar og vedtak. Formålet med forenkla etterlevingskontroll etter kommunelova, er innafor ei avgrensa ressursramme å forebygge svakheiter og bidra til å sikre at fylket følgjer sentrale reglar og vedtak på økonomiområdet.

Forenkla etterlevingskontroll for 2019 var på levert på utdelingar frå Ulla Førre fondet og for 2020 er etterlevingskontroll på område husleige, regulering og utfakturering av leige.

5 OPPFØLGING AV BUDSJETTAVVIK

I høve med KL § 24-5, tredje ledd skal revisor sjå etter om årsberetninga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og om vesentlege avvik frå kommunestyrets premisser for bruk av løyvingane.

Budsjettoppfølging er eit av de viktigaste styringsinstrumenta ein kommuneleing har, og det er derfor av stor betydning at den fungerer tilfredsstillande. Kommunens budsjettdisiplin i 2020 synest bra. Det er berre overforbruk på tre av 11 rammeområder. Jfr. Rekneskapen si bevilgningsoversikt drift. To av overforbruka er marginale. Det største overforbruket er på rammeområde for omsorg. Dette er på ca. 2,5 mill. kr. Me kan ikkje sjå at overforbruket er kommentert i årsmeldinga.

Kommunen har kommentert avvik frå budsjett på hovudpostnivå, men med kan ikkje sjå at avvik frå budsjett for einingane er kommentert i tilstrekkeleg grad.

På stikkprøvebasis har vi kontrollert om avvik frå kommunens premisser for bruk av bevillingane er kommentert i årsmeldinga. Våre kontroller har ikkje avdekket avvik på dette punktet.

6 MISLEGE HANDLINGAR OG VARSLINGSSAKER

Revisor pliktar i samsvar med kommunelova § 24-7 e å rapportere kvar misleg handling til kontrollutvalet. Vi har i år ikkje avdekka eller fått melding om at det er gjort mislege handlingar.

7 BETINGA FORPLIKTINGAR OG HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Rådmann og økonomisjef har gjennom sine underskrifter på egenerklæring datert 14.04.2020, stadfesta at me har fått tilgang til alle opplysningar som er relevante for årsrekneskapen.

Det har i lang tid vore usemje om sluttoppgjer på Suldal bad. Kommunen har nå inngått forlik med entreprenøren der det er blitt einigheit om at kommunen må ut med 11,5 mill. kr i sluttoppgjer. Alle kostnader som gjeld Suldal bad har korrekt anordning i rekneskapen.

Det er og usemje om storleiken på eigedomsskatten til Statnett. Kommunen har likevel avsett for mogleg tap på krav som dekker usemja.

Ut over dette er vi ikkje kjende med at det finst vilkårsbunden forpliktingar eller hendingar etter balansedagen som kan påverke den avlagte årsrekneskapen.

8 KONKLUSJON

Vi oppsummerer våre konklusjonar med omsyn til avdekka feil, usemje om estimat og risiko, til å ligge innafor et akseptabelt nivå.

Vi har avlagt ein normal revisjonsberetning.


Kontrollutvalet har i høve med forskrift om kontrollutval og revisjon § 4 ansvaret for å sjå til at de merknader revisor har gjort, blir følgt opp. Dette gjeld likevel ikkje merknader om løypande forbetring og effektivisering av normal drift. For 2020 er det ingen forhold kontrollutvalet har plikt til å følge opp.

Med venleg helsing
Rogaland Revisjon IKS



Tore Kristensen

Statsautorisert revisor



Siv Øiesvold
Revisor

| SAKSGANG | | |
|-----------------|----------|--------|
| Utval | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 29.04.21 | 11/21 |
| | | |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 212 | |

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REKNESKAPSÅRET 2020 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2020 og revisor si gjennomgang til orientering.

Vedlegg: revisor si attestasjonsuttale om økonomiforvaltninga, dagsett 21.04.21

Bakgrunn

I følgje kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet bl.a. påse «...at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak...».

Videre står det i kommuneloven § 24-9 om kontroll med økonomiforvaltningen følgende:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.»

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Revisor er difor pålagt i den nye kommunelova § 24-9 kvart år å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni knytt til dette. Dette blir omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla «forenkla etterlevelingskontroll».

Lovforarbeida visar til intensjonen med dette at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme kan bidra til å førebygge svakheiter og sikre at kommunen følgjer sentrale bestemmelser og vedtak på økonomiområdet. Dette vil byggje opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis og kan også gje kontrollutvalet eit betre grunnlag til å tinge forvaltningsrevisjon og andre undersøkingar.

Det er sagt at revisor skal ha ei brei tilnærming, men likevel at kontrollen skal gjerast innanfor ei avgrensa ressursramme. Dette vil mellom anna krevje ei god risiko- og vesentlegvurdering hos revisor.

Det er mellom anna vist til eksemplar på områder/tema for mulig forenkla etterlevingskontroll innan:

- Sjølvkost
- Offentlege anskaffingar
- Offentleg støtte
- Etterleving GDPR
- Driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot/overføringar til private
- Kontraktsoppfølging.

Uttale for 2020

Rogaland Revisjon IKS har gjeve si uttale, dagsett 21.04.21, for Suldal kommune om perioden 01.01-31.12.20. Attestasjonsuttalen er vedlagt saksframlegget.

Revisor konkluderer med:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Suldal kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene ihht regulering av leie etter Husleieloven kapittel 4, § 4-2 og 4-3.

Revisor vil i tillegg gje ei munnleg orientering til utvalet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kommer fram noko spesielt i møtet, vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Aksdal, 22.04.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i
Suldal kommune

Kopi:
Kommunedirektør

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Suldal kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende område:

Kontroll av etterlevelse av om regulering av leie er i tråd med husleielovens krav og kommunale vedtak

1. er reguleringen av husleier på kommunale boliger i tråd med husleielovens regler for leieregulering.
2. er regulering av leie i tråd med kommunestyrets vedtak
3. et utvalg kontrakter utleie, inkl. noen på næring, for å se om det er samsvar mellom kontrakt og utfakturert leie.

Vi har kontrollert perioden fra 1. januar 2020 til 31. desember 2020.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Rådmannen er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Rogaland Revisjon IKS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleveres. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Funn knyttet til bestemte aspekter ved oppdraget

Gjennomførte kontroller har ikke avdekket brudd på husleielovens bestemmelser om leieregulering.

Leien for sosiale boliger blir ikke regulert årlig i tråd med økningen i konsumprisindeksen. I hht til kommunestyrevedtak 168/19 så kan husleien endres årlig ihht til økning i kpi.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Suldal kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene ihht regulering av leie etter *Husleieloven kapittel 4, § 4-2 og 4-3*.

Begrensninger i bruk

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påseansvar med økonomiforvaltningen og til Suldal kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Stavanger, 21.04.2021
Rogaland Revisjon IKS

Elektronisk signert
Tore Kristensen
Statsautorisert revisor